

FJELL KOMMUNE

Rådmannen

Dato: 23.09.2009

Vår ref.: 2009/2175 - 18674/200

Ark.kode:

Møtereferat 5

Møte i: Utvida kriseleing	Dato: 23.09	Tid: Kl 1400
Til stades: Ordførar Lars Lie, komiteeleiar Inge Ree, rådmann Steinar Nesse, servicetorgsjef Lillian Torsvik, Ikt-sjef Kjell, Fyllingen, plan- og utbyggingsjef Willy Sørensen, eigedomsjef Atle Justad, sosialsjef Tove Helleland, barnehagesjef Margunn Landro, kommuneoverlege Stein-Inge Stigen, hovudtillitsvald Fagforbundet Frode Instebø, tryggleiksliear Roy Hansen, hovudtillitsvald Delta Annlaug Sangolt, omsorgssjef Line Barmen, helsesjef Terje Handal, Leiande helsesøster Torill Aglen	Forfall: Varaordførar Georg Indrevik, spesialrådgjervar Svein Fjelland, prosjektleiar Gudrun Ølnes, smittevernlege Bjørn Ove Aglen, drifts- vedlikehaldsliear Arne Monsen, skulesjef Ellen M. Hansen, personalsjef Harald Rød, økonomisjef Svend Fr. Untiedt, reinhaldsliear Ruth Paulson. hovudtillitsvald undervisning Mikael Tangen	
Møtet vart leia av Inge Ree.		
Referent: Haldis Opheim	Møtet slutt: Kl 1445	

		Ansvar	
1.	<p>Ordføraren hadde kalla inn til dette møtet grunna kommunen sin overordna strategi for å handtera svineinfluensa-pandemien. Til møtet er det i tillegg til rådmannens utvida leiarteam og kriseleing, også kalla inn nøkkelpersonell som må ta snarlege avklaringar i ein krisesituasjon på si avdeling. Kommunen skal ha ein felles strategi, og felles informasjon ut til innbyggjarane.</p> <p>Det vert halde møte i utvida kriseleing kvar onsdag kl 1400. Dersom det vert eit stort utbrot av influensa A, vert det møte kvar dag kl 1000.</p>		
2.	<p>Frigjering av 300 sjukehussenger i Helse-Bergen: Ikkje-influensasjuka pasientar på sjukehus kan verta overførte til kommunen. Helse-Bergen ber difor om at det vert stilt eigna lokale til disposisjon for mottak av slike pasientar i ein krisesituasjon.</p> <p>Konklusjon:</p> <ul style="list-style-type: none">Ein reknar no med at toppen av pandemien kan verta skyvd ut til vinteren 2010 (februar?) og at han vert flatare (mindre førekomst) og meir utstrekt (går over ein lengre periode).	Rådmannen melder inn dette til Helse-Bergen snarast.	

	<ul style="list-style-type: none"> • Helse Bergen vil på det meste kunne få trong for omlag 20 sengeplassar i Fjell (kanskje mindre - usikkert tal). • Fjell kommune vil i første rekkje kunna tilby plassar i Fjell sjukeheim (ny paviljong), med inntil 3 senger pr rom. Romma er 29 kvm, inkl toalett - 23,4 ekskl toalett. To fellesrom er på 67 kvm kvar. • Fjell kommune tek det fulle medisinske ansvaret for pasientane, etter kommunehelsetenestelova. • Fjell kommune vil omdisponera ressursar mellom tenestene for å sikra høg nok kompetanse i tiltaket. • Fjell kommune tek i første omgang ansvaret for økonomien i tiltaket, men det er ei felles forståing at både Helse Bergen og Fjell kommune sine ekstrautgifter i samband med pandemien skal presenterast for Helse- og omsorgsdepartementet i ettertid. • Det vert frå Fjell si side ikkje stilt krav om særskilt kommunetilknyting for pasientane. • Varslingstida frå Helse Bergen kan verta 1-2 veke(r) før overføring av pasientar, men elles så tidleg som mogeleg. • Helse Bergen sjekkar ut evt lager av sjukehussenger. • Den nye paviljongen ved Fjell sjukeheim (14 rom) er til no ikkje teken i bruk, men er driftsklår. Avtalen mellom Fjell kommune og Helse Bergen om evt overføring av pasientar vil ikkje vera til hinder for normal drift. Iverksetjing av intermediær løysing (6 plassar) og oppstart av ordinær sjukeheimsdrift (8 plassar) vert såleis ikkje utsett. <p>Melding er sendt til Helse- Bergen. Sjukeheimpaviljongen vert klar for bruk i slutten av august.</p>	Bruksløyve er sjekka ut.	
3.	<p>Personellsituasjonen – plan for rekruttering, innleige:</p> <p>Personalsjefen har utarbeidd og la fram i møtet oversyn over helsepersonell med helse/omsorgsfagleg kompetanse, tilsamen 155 personar som i dag ikkje arbeider i døgnbasert pleie. Personalsjefen skal utarbeida namneliste, og han sender brev til aktuelle personar med spørsmål om hjelp ved ein krisesituasjon.</p> <p>Personalsjefen la fram oppdatert oversyn over personalsituasjonen på neste møte. Sjå vedlegg.</p> <p>Det er også aktuelt å ta kontakt med vikarbyrå for innleige, også frå utlandet. Omsorgsjefen undersøkjer om det er personell som går i</p>	<p>Personalsjefen.</p> <p>Omsorgsjefen.</p>	

	<p>deltidsstillinger som kan aukast til 100 % still. ved krise. Ta kontakt med høgskular for innleige av studentar.</p> <p>Det er aktuelt med bidrag frå Sivilforsvar, Røde Kors og Lille Sotra Sanitetsforening. Det vert skrive til dei slik at dei kan vera førebudd med hjelp i ein krisesituasjon.</p> <p>Det er halde møte med desse, og dei var positiv innstilte på å hjelpa til i ein krisesituasjon.</p> <p>Reinhaldarar ved ekstra sjukelokale, må stillast til disposisjon. Plan for ekstra personell og opplæring er under arbeid.</p> <p>Ved transport av personell, ta kontakt med Sotra Brannvern.</p>	<p>Tryggleiksleiar.</p> <p>Reinhaldsleiar.</p>	
<p>4.</p>	<p>Avtalar med organisasjonane om arbeidstid i tilfelle pandemiutbrot i Fjell:</p> <p>Dette må avklarast snarast. Frode opplyste at dei ikkje kunne gå utanom sentralt lovverk. Rådmannen ønskjer ikkje langvarige konflikter om dette, og meiner at kommunen i utg.pkt. må bassera seg på frivillige avtaler.</p> <p>Personalsjefen kallar inn til møte med organisasjonane torsdag 13. august om arbeidstida i tilfelle pandemiutbrot.</p> <p>Møte med organisasjonane er halde.</p>	<p>Personalsjefen.</p>	

<p>5.</p>	<p>Organisering av alle tenester i tilfelle stort fråvær:</p> <p>Kvar tenesteleiar går gjennom sine beredskapsplanar, sist oppdatert 2001, til neste møte. Barnehagesjefen melder om oppdaterte planar og informasjon til barnehagane, både kommunale og private. Det er også halde møte 18.08. for personell i både kommunale og private barnehagar der det vart gjeve informasjon om korleis ein skal handtera eit eventuelt pandemiutbrot.</p> <p>Sosialsjefen har halde personalmøte, beredskapsplanar og rutinar er oppdaterte. Det vert tatt kontakt med omeignkommunane for eventuelt eit samarbeid ved eit større pandemiutbrot.</p> <p>Helsesjefen har gått igjennom planar som er oppdaterte og har kontroll så langt i dag. Det er ikkje meldt inn særlege problemstillingar.</p> <p>Skulesjefen har gått gjennom planar for eventuelt samanslåing av grupper/klassar, og vikarlistar er oppdaterte.</p> <p>Omsorgsjefen opplyser at alle beredskapsplanar i omsorg er oppdaterte og at det er aktuelt å overføra personell frå ikkje-lovpålagte arbeidsområde.</p>	<p>Tenesteleiarar</p>	
------------------	---	-----------------------	--

<p>6.</p>	<p>Innleige av profesjonell mediakontakt/informasjonsmedarbeidar:</p> <p>Vigleik Brekke er engasjert som informasjonsrådgjevar ut året.</p> <p>Informasjon til innbyggjarane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er lagt ut informasjon om svineinfluensaen på kommunen sine internettsider. Informasjonen må oppdaterast etter kvart som nytt kjem til. - Forslag om å laga ein brosjyre med informasjon om influensaen for utdeling til alle husstandar. - Informasjon i media/aviser ved behov. <p>Informasjon til elever i skule, barn i barnehage, foreldre:</p> <p>Det er sendt ut samordna/lik informasjon til alle skular/barnehagar/SFO, også til private barnehagar.</p> <p>Når det gjeld skule, tek skulesjefen dette opp med leiarar på møte tysdag 11. aug.</p> <p>Informasjon til eigne tilsette:</p> <p>Det vert oppmoda om å bruka intranett, og halda seg oppdatert der.</p>	
<p>7.</p>	<p>Etablering av naudlegevakt.</p> <p>Det kan verta aktuelt å etablert ekstra legevakt i rådhuset. Ein vil ta i bruk skodespelarfoajen til dette føremålet. Aktuell periode kan vera 5-6 veker og kan vera disponibel på kort tid.</p> <p>Ein førebur oppretting av naudlegevakt alt no.</p> <p>Det må klargjerast nytt lokale til dei som nyttar skodespelarfoajeen dagleg til kontor.</p> <p>Eigedomssjefen har funne avlastningskontor i rådhuset.</p> <p>Det er funne avlastingskontor for sosialkontoret</p> <p>IKT ordnar ekstra svar på legevakttelefon.</p> <p>Det vart tinga skilt 20.08.</p> <p>Skilta er no på plass.</p>	<p>Kommuneoverlegen.</p> <p>Eigedomssjefen.</p> <p>IKT-sjefen.</p> <p>Eigedomssjefen.</p>
<p>8.</p>	<p>Deltaking på utanlandsturar og konferansar.</p> <p>I prinsippet ønskjer ikkje rådmannen at større grupper no planlegg utanlandsturar eller reiser på større konferansar.</p>	

	<p>Deltaking på turar må vurderast nøye i kvart tilfelle. Hovudregelen er at maksimalt 1-2 personar deltek på slike turar. Større deltaking må avklarast med sjef. Leirskule vert gjennomført som planlagt, men etter særskilt vurdering av rektor og foreldrerådsutval.</p> <p>Vedrørande skuleturar: På ein av skulane har 3 klassar planar om ein foreldrestyrt tur til Tyskland i oktober med totalt 48 deltakarar. Fram til neste møte vert det innhenta informasjon som grunnlag for endeleg konklusjon.</p> <p>Planleggjinga av turen held fram. Eventuell kansellering av turen vert teken i seinare møte.</p>		
9.	<p>Helsespørsmål: Kommuneoverlegen/smittevernlegen opplyser at dei ikkje lenger har oversikt over kor mange som eventuelt kan vera smitta i vår kommune. Det vert ikkje lengre teke prøver.</p> <p>Teoretisk ventar ein at svineinfluensaen vil ta seg opp no framover og at ein innan ein månad vil nå ein topp som kan vara i 14 dagar.</p> <p>Legane melder at det ikkje er registrert noko vesentleg endring i status vedrørande influensa.</p> <p>Alle vil få tilbod om vaksine, men ikkje alle får vaksine samstundes. Det er utarbeidd plan for vaksining, og dei som er i risikograppa får vaksine først. Vaksinen kjem i oktober.</p> <p>Helsestyresmaktene tilrår at dei med risiko for komplikasjonar ved influensasjukdom, skal få tilbod om vaksinen først. Dette gjeld gravide i 2. og 3. trimester, personar med risiko for alvorleg sjukdomsutvikling i alderen 3 til 64 år og same gruppe over 64 år.</p> <p>Styresmaktene prioriterer også helsepersonell.</p> <p>Kommuneoverlegen har ansvar for å tilretteleggja for vaksininga.</p> <p>Helsesøster Torill Aglen tek kontakt med Fjell vaksenopplæring for å sikra informasjon til framandspråklege.</p> <p>Dei som uttaler seg om svineinfluensaen på kommunen sine vegne er kommuneoverlege og smittevernlege, ingen andre.</p>		
10.	<p>Reingjering av bygg – bruk av dispensarar:</p> <p>Reinhaldsleiar opplyser at dei alt har teke initiativ til betre reinhald. Kontaktpunkt i bygg vert prioritert, likeeins reingjering av toalett.</p>	Reinhaldsleiar	

	<p>Andre ting vert i ein periode nedprioritert.</p> <p>Det vert laga plan for arbeidet.</p> <p>Kommuneoverlegen har tinga 110 spritdispensarar til kommunen. Alle er no i drift.</p> <p>Spritdispensarar er montert i rådhuset. Alle barnehagar både kommunale og private har montert spritdispensarar for bruk av vaksne. Born skal nytta god handvask, likeeins elevar på skulane. Det er montert vaskar i alle klasserom.</p> <p>61 vaskerenner er montert i klasseromma på skulane.</p>	Eigedomsjefen	
11.	<p>Eventuelt:</p> <p>Stortingsvalet 2009 i september. Skriv frå departementet om utvida førehandsrøysting/ambulerande røystemottaking i heimen kan verta naudsynt. Bemanninga i røystelokala bør oppjusterast og fleire varamedlemer må veljast. Ein må læra opp nok personell slik at ein får gjennomført valet, sjølv om mange vert borte. Desse spørsmåla vart teke opp i møte i valstyret 24 august.</p> <p> Servicetorgsjefen kontaktar departementet vedk. frist for søknad om ambulerande førehandsrøysting.</p> <p>Valet vert gjennomført etter gjeldande lov og forskrift, og det vert ikkje høve til å få røysta heime på valdagen.</p> <p> Dei ansvarlege for avviklinga av valet får ros for effektivt og godt gjennomført arbeid.</p> <p> Det er planlagt øving Hordaland i september. Rådmannen føreslår at Fjell kommune ikkje skal delta på denne øvinga. Ordføraren tek kontakt med Fylkesmannen og informerer om dette. Ordføraren har sendt formelt brev til Fylkesmannen som munnleg har akseptert at øvinga ikkje vert gjennomført i Fjell.</p> <p> Informasjon til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - kommunestyret 26. august, (er avlyst) - KFF i møte 18. august. <p>Møtoreferata vert sendt til kommunestyremedlemene og lagt ut på intranett og internett. Det skal lagastlogg over all ut/inn-</p>	<p>Ordførar/ servicetorgsjef</p> <p>Servicetorgsjefen</p> <p>Ordførar/rådmann</p> <p>Økonomisjefen</p>	

	<p>korrespondanse om influensaen, også telefonspørsmål skal loggførast, jamf. K2.</p> <p>Når det gjeld utgifter til ekstra tiltak i samband med svineinfluensaen skal desse utgiftene førast på ein eigen kostnadsstad. Økonomisjefen har ansvar for å få oppretta denne og senda melding til alle med tilvisingsansvar.</p> <p>Økonomsjefen har oppretta kostnadsstad 3014 som skal nyttast av alle som har utgifter i samband svineinfluensaen.</p> <p>Vi veit enno ikkje om staten går inn og dekkjer ekstrautgiftene kommunane vert påført. Dette må avklarast på eit seinare tidspunkt, gjerne i samarbeid med Helse Bergen.</p> <p>Dersom det vert trong for nytt møte, vert det sendt ny innkalling.</p>		